



Heile gjengen hos Hjørnevåg AS på toppen av Skorpefjellet.

**Torsdag 15. september var Brødr. Hjørnevåg AS på firmatur til Skorpefjellet. Uskedalen.no har fått ein kjekk reportasje med flotte bilete frå turen. Vi håpar andre føl opp på liknande vis, og sender oss stoff, når dei opplever kjekke ting saman. Dagleg leiar Marit Hjørnevåg skriv dette om turen:**



[Marit Langballe sytte for god servering.](#)

Kvar dag ser vi frå pauserommet vårt bort på vakre Skorpefjellet. Vi har i fleire år snakka om å få til ein tur over fjorden for å sjekke opp dette. På mandag bestemte vi oss for at på torsdag skulle dette skje! Vi avslutta arbeidsdagen med koldtbord på jobb, vi måtte jo ha energi før turen! Så var det ein flott båttur over fjorden, før vi tok fatt på stigninga. Det var ein sprek gjeng som var med, og alle 15 kom seg opp til Varden på Skorpefjellet. Dei sprekaste brukte under halvtimen opp!!

Då vi kom ned igjen blei vi tatt godt imot av Marit Langballe, som serverte oss god eplekake, bollar og mjølkekaker utanfor bakehuset.

Så var det ein flott båttur heim igjen over fjorden. Ein sosial og kjekk firmatur vi lever lenge på!



Båtturen var også flott!

Tekst og foto: Marit Hjørnevåg  
Nett: Thor Inge Døssland